

Styremøte ØNU 16.11.15 kl 19.30 Instedalen skule

Desse møtte: Normund Svoen, Odd Vonen, Gudmund Eimhjellen, Arne Dvergsdal, Kjell Klopstad.

Sakliste

Oppsummering fiskeprosjektet i Vonavatnet inkl. rusefisket. Planen vidare. Planlegging av møte med Harald Sægrov.

Leiar orienterte om fangstplassar og statistikk. Det har vore brukt 59 garn og rusa i perioden siste august til 18. oktober. Oppfiska kvantum er totalt 11344 fisk i 2015. Det er tydeleg tendens til betre kvalitet på fisken.

Det vert teke sikte på eit ope møte med Harald Sægrov frå Rådgivande Biologer på etterjulsvinteren.

Når det gjeld storrusa er fangsten for liten i høve til innsatsen. Det vert frå fagleg hald tilrådd å ikkje bruke den i 2016, men i staden styrke innsatsen med garnfiske.

Styret tek stilling til evt sal av rusa i seinare møte.

2. Stiprosjektet. Skal vi søke om midlar for å fortsette prosjektet? Ynskje også om nokre kloppe ved Svostølsvatnet på stien mot Gjengdalsskaret.

Arne Dvergsdal har hatt ansvar for dette prosjektet. Prosjektet er no avslutta. Det er aktuelt å gå vidare med eit stiprosjektet i forlenginga av det som no er ferdig noko lenger inn i LVO med nokre hundre meter. Dette må det samarbeidast om med områdeforvaltar. Normund Svoen tek kontakt. I dette prosjektet vert det i tillegg teke sikte på eit mindre kloppeprosjekt frå Stølsvatnet til Bergsstølen.

3. Status for parkering, fiskekortsalg og båtutleige.

Det er kome inn om lag kr 10000,- i parkeringsavgifter.

4. Hengebrua.

Leiar har vore i kontakt med grunneigarsida. Ein avventar svar.

5. Val av repr til folkevald nemnd for Fondsmidlane

Jfr. kommunikasjon med Åsmund Bertelsen, leiar i kommunal valnemnd..

Styret tilrår at Kjell Klopstad blir vald som medlem og Normund Svoen som varamedlem.

6. Småviltsituasjonen.

Førebels taksering ved "Florø Jeger og fisk" på Nessida tyder på svært liten bestand i år.

Det vert teke sikte på å få gjort ei taksering for heile området. Gudmund Eimhjellen er ansvarhavande for framdrift. I forbindelse med ope møte vedr utfiskingsprosjektet i Vonavatnet blir det invitert folk som kan informerer om taksering av småvilt – det blir foreslått folk frå Flora jeger og fisk.

7. Planlegging av årsmøtet.

Onsdag 2. mars 2016, kl 19.30 i Instedalen skule. Som før samarbeid med Instedalen storvald om årsmøtet

8. Ymse.

Kaia ved Vonavatnet.

Opptakten til utbetring av kaia vart teke i styremøte i ØNU. Det vart konkludert med at Grimset og Vona beitelag skulle stå for dette arbeidet. Kaia er no utbetra og arbeidet avslutta. Røyseth Maskin har hatt arbeidet og Arild Vonen, Odd Vonen og Kjell Klopstad har vore prosjektansvarleg.

I styret vart det gjeve uttrykk for at arbeidet var svært godt gjennomført med tanke på utforming og landskapstilpassing.

Etter søknad vil styret vurdere underskotsdekking.

K.Klopstad

Ref 20.11.2015